



VURDERINGSINNLEVERING

Emnekode: LU1 - PEL 415

Emnenamn: Pedagogikk og elevkunnskap 2B 1-7

Vurderingsform: Bacheloroppgave

Namn: Vibekke Bjånes Møgster

Leveringsfrist: 24.05.2012

Fagansvarleg:

Camilla Bjelland og Gunnhild Aadland Rolfsnes

«Vurderingspraksis i musikk»



Bacheloroppgave i Pedagogikk og elevkunnskap

Vibekke Bjånes Møgster

Høgskulen Stord/Haugesund

Mai 2012

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

Samandrag

Denne oppgåva omhandlar vurderingspraksis i musikk som skjer på barneskulen. Oppgåva mi er i forbindelse med lærarutdanninga mi på Høgskulen Stord/Haugesund og undersøkinga har funne stad våren 2012. Undersøkinga mi har eg gjennomført ved å intervju tre musikklærarar.

Målet med oppgåva var å finna ut kva vurderingspraksis som skjer i musikkfaget ute i skulen i dag. Hovudproblemstillinga er: Kva opplevingar har læraren av vurderingspraksis i musikk? Med hovudfokus på elevanes læring. I tillegg har eg nokre underliggjande spørsmål: 1. Er det spesielle utfordringar lærarane står ovanfor når dei skal vurdera elevanes læring i musikk? 2. Kva kriterium vurderer læraren etter? 3. Har utdanning og fagsynet til læraren noko å seie for korleis ein vurderer?

I kapittel 1 vert bakgrunnen for oppgåva løfta fram, der eg fortel om kvifor eg har valt akkurat dette tema. Vidare fortel eg om problemstillinga mi og korleis eg har disponert oppgåva.

I kapittel 2 vert den teoretiske forankringa presentert, som omhandlar vurdering. Dette har eg henta frå ulik litteratur og forsking. Elles har eg brukt mykje læreplanen Kunnskapsløftet, opplæringslova og ulike rettleiarar frå staten som har vært aktuell for oppgåva.

Kapittel 3 omhandlar metodevalet til undersøkinga mi. For å få svar på mi problemstilling har eg brukt kvalitativ metode i form av intervju. I kapittel 4 vert dei empiriske funna presentert og i kapittel 5 drøftar eg dei empiriske funna opp mot den presenterte teorien. Dette for å prøva å finna svar på problemstillinga mi.

I kapittel 6 kjem konklusjonen, der eg drar i saman alle trådar og svarar på problemstillinga mi.

I korte trekk fann eg ut at lærarane eg har intervjua meiner dei er därlege til å vurdera i musikk, fordi faget manglar kriterium å vurdere etter. I tillegg fann eg ut at alle dei som sa nei til å verta intervju, fortalte at dei ikkje vurderer i musikkfaget. Dette stemmer ikkje, for eg har funne ut at alle gjer ein eller anna form for vurdering i klasserommet. Det eg finn forskjellar på, er kva som vert vektlagt og grundigheten av vurdering. Vektlegginga på vurdering kjem an på kva syn ein har til musikkfaget og grundigheten har med interesse for vurdering å gjera, ikkje så mykje med utdanning.

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

Innhaldsliste

Samandrag	1
Innhaldsliste	2
1.Innleiing:	3
1.1.Bakgrunn for oppgåva.....	3
1.2.Problemstilling	3
2.Teoretisk forankring:.....	4
2.1.Forsking og undersøkingar kring vurdering og læring	4
2.2.Formålet med vurdering:	5
2.3.Vurdering	5
2.4.Vurdering i musikk.....	6
2.5. Ulike syn på musikkfaget	7
2.6. Musikksyn i Kunnskapsløftet	9
3.Metode.....	10
3.1.Intervju	10
3.2. Dokumentanalyse	11
3.3.Validitet og Rehabilitet	12
3.4. Etiske refleksjonar	12
4.Empiri: Presentasjon av data	13
5.Drøfting av empiri.....	17
5.1.Bakrunnen til lærarane	17
5.2.Vurderingspraksis.....	18
5.3. Utfordringar med vurdering i musikk.....	20
5.4.Fagsynet til lærarane og ulik vektlegging på faget.....	21
6.Konklusjon	22
7.Kjeldeliste:	25
8.Vedlegg	27
Vedlegg 1: Førespurnad om deltaking på eit intervju i samband med bacheloroppgave	27
Vedlegg 2: Intervju guide	28

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

1. Innleiing:

Dette er ei bacheloroppgave i forbindelse med grunnskulelærarutdanning ved Høgskulen Stord/Haugesund. Oppgåva er om «*vurdering i musikk*». Den er vinkla inn mot vurderingspraksis i barneskulen og hovudfokuset er undervegsvurdering.

1.1. Bakgrunn for oppgåva

Vurdering er eit av dei mest prioriterte satsingsområda i den norske skule (Sætre, 2010). Likevel er det vanskeleg å vurdera elevanes læring, fordi det er ikkje mogleg å sjå inn i hovuda til elevane, kva dei sitt igjen med etter avslutta undervisning.

Mi største interesse på dette feltet er å finna ut korleis ein vurderer elevanes læring i eit praktisk-estetisk fag som musikk, for eg vil tru at dette er noko forskjelleg enn å vurdera i eit teori fag. Eg håpar å finna ut av kva utfordringar lærarane står ovanfor når dei skal vurdera elevanes læring. I tillegg skal det verta spanande å finna ut kva kriterium lærarane vurderer utifrå. For kva er kunnskap i musikk? Kan det vera at ein er flink til å syngje eller spele. Nokre av elevane går kanskje på kulturskule for å spele eit instrument, og har allereie utvikla kunnskapar om notar. Kva med dei som ikkje kan dette? Korleis kan ein vurdera når utgangspunktet er så forskjelleg? Ein kan jo ikkje bruka dei som kan mykje frå før som mal, for det er ikkje allmennkunnskap å kunna spele på eit instrument. Musikk er i tillegg eit fag som ikkje har så mange timer undervisning i veka. Korleis skal ein få tid til å gjera eit grundig arbeid med vurdering, når rammefaktoren, tidsbruk er så kort? I tillegg har ein kompetanseområda frå læreplanen, som ein må følgje. Korleis kan ein vurdere t.d. samspel, når rammefaktoren instrument kan vera meir eller mindre fråverande på mange skuler?

1.2. Problemstilling

Mi hovudproblemstillinga er: Kva opplevelingar har læraren av vurderingspraksis i musikk? Med hovudfokus på elevanes læring. I tillegg har eg nokre underliggende spørsmål: 1. Er det spesielle utfordringar lærarane står ovanfor når dei skal vurdera elevanes læring i musikk? 2. Kva kriterium vurderer læraren etter? 3. Har utdanning og fagsynet til læraren noko å seie for korleis ein vurderer innan musikkfaget?

Eg har fokus på barnetrinnet i denne oppgåva, og dermed er det ikkje sluttvurdering i form av karakterar eg ser på, men meir den vurderinga som går føre seg undervegs i læreprosessen. «Evalueringen av Reform 97 viste at elever på barnetrinnet får diffuse tilbakemeldinger som ikke gir elevene kunnskap om hva som kjennetegner en god prestasjon» (Utdanningsdirektoratet, u.å.: 3). Det er derfor viktig også på barnetrinna, at læraren beskriv

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

for elevane kva det vil sei å nå kompetansemåla og korleis ein skal klara å prestera i faget (Utdanningsdirektoratet, u.å.).

Det finnест mykje ny forsking og litteratur på temaet vurdering, men ikkje så mykje om vurdering i musikkfaget (Sætre, 2010). Når eg har skrive denne oppgåva har eg tatt utgangspunkt i pedagogikk bøker, rettleiarar frå staten, internasjonal forsking og tidsskrifter. Deretter har eg bygd på med musikkdidaktikk og anna eg har funne om vurdering i musikk.

Fyrst i oppgåva kjem teorikapitellet, som tar for seg teori om vurdering generelt, for deretter å gå meir inn på vurdering i musikkfaget. Vidare har eg tatt med litt om bakgrunnane til læraren, som utdanning og fagsyn i musikk. Fagsynet til læraren «bygger på ulike verdigrunnlag: grunnleggande holdningar og standpunkt om musikk, menneske og samfunn. Men også utøvande og skapande kompetanse, didaktisk og sosial kompetanse» (Sætre og Salvesen, 2010:20). Eg har tatt med fagsyn og utdanning til lærarane, for dette har noko med korleis ein ser på musikkfaget og kva ein legg størst vekt på i undervisninga. Dermed vil eg tru at det også har noko med korleis ein som lærar vektlegg vurdering i musikkfaget ulikt. Etter dette kjem metodekapittelet, der eg fortel om kva metode eg har brukta i mi undersøking og kvifor eg har gjort desse vala. Vidare i oppgåva kjem ein presentasjon av undersøkinga. Som deretter vert drøfte opp mot teorien. I avslutninga kjem ein kort konklusjon, der eg prøver å dra nokre slutningar.

2. Teoretisk forankring:

I denne undersøkinga er det undervegsvurderinga som vert vektlagd. Det er derfor denne vurderingsforma i første rekke vert trekt fram i den påfølgjande teorien, og som vert liggjande som eit bakteppe for drøftinga av empirien.

I teorikapittelet har eg først skrive generelt om vurdering. Vidare kjem eg inn på vurdering i musikkfaget, der eg også har med litt om utdanning og fagsynet til lærarar. Eg har i tillegg sett litt på kva fagsyn kunnskapsløftet løftar mest fram.

2.1. Forsking og undersøkingar kring vurdering og læring

Internasjonale forskingsstudiar meiner at skulane må vektlegge undervegsvurdering meir enn det dei tradisjonelt har hatt for vane å gjera. Hattie (2009) har medverka til verdens kanskje største studie av læring, som omfattar eit datamateriale frå meir enn 200 millionar elevar. I dette studiet fann han ut at den faktoren som har størst effekt på elevanes læring er gode tilbakemeldingar (Utdanningsetaten, u.å.). Dette støttes av Black og William si forsking, som

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

seier at særleg undervegsvurdering er ein nøkkelfaktor til god læring. Dei presenterer også nokre viktige føresetnader for god undervegsvurdering. Nokre av desse er at både lærar og elevane må kjenna til måla for timane, læraren må fortelja elevane korleis dei kan nå måla og elevane skal sjølv vera med i vurderingsarbeidet (Black og William, 1998).

2.2. Formålet med vurdering:

«Et hovedformål med vurdering er å bidra til elevenes læring» (Engh, 2011:8).

Opplæringslova skildrar alle elevar sine rettigheter og skulens plikt når det gjeld vurdering. Den seier at vurderinga skal fremja eleven si læring og den skal uttrykkja kompetansen undervegs og ved avslutning av opplæringa (Opplæringsloven § 3-2, 2009). Vurdering er eit reiskap for pedagogen til å kontrollera om elevane har lært det dei skal læra. Som pedagog treng ein informasjon om elevens utvikling og utfordringar sånn at ein kan justera undervisninga si og imøtekoma elevanes behov. Ei overordna målsetjing med *Kunnskapsløftet* er å auka læringsutbytte for alle elevar (Utdanningsdirektoratet, u.å.). Dermed er tilbakemeldingar ein viktig del av læringsprosessen. I tillegg har elevane krav på informasjon om kor dei står i forhold til faglege mål (Slemmen, 2010).

Opplæringslova seier også at undervegsvurderinga skal brukast som ein reiskap i læringsprosessen, for å leggja grunnlag for tilpassa opplæring til elevane (Opplæringslova § 3-2, 2009).

2.3. Vurdering

Det skal være kjent for eleven kva som er måla for opplæringa og kva som vert vektlagt i vurderinga av elevane sin kompetanse. Det skal i tillegg vera kjent for eleven kva som er grunnlaget for vurderinga (Opplæringsloven § 3-1, 2009). Grunnlaget for vurderinga er kompetansemåla i læreplanen. For læraren betyr dette at ein må kjenna læreplanen, og ein må forstå korleis måla kan brytast ned i delar, som er tilpassa den enkelte elev og årstrinnet til eleven. Læraren må bruka eit språk som eleven forstår, men også ta utgangspunkt i ei brei heiskapsforståing av måla.

Det finst ulike måtar å vurdera på og dei ulike formene har ulike hensikter.

Undervegsvurderinga skjer undervegs i undervisninga og har som hovudhensikt å fremma elevane si læring. «Undervegsvurderinga skal gis løpende og systematisk og kan vere både munnleg og skriftleg» (Opplæringsloven § 3-11, 2009). Døme på undervegsvurdering kan vera alt frå observasjonsvurdering, lærarlogg/elevloggvurdering, mappevurdering, vurdering ved hjelp av målark, vurderingssamtaler, resultatvurdering osv. (Høihilder, 2011). I dag vert

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

også omgrepet *vurdering for læring* brukt under denne vurderingsforma (Utdanningsetaten, u.å.). «*Vurdering for læring* refererer til en måte å tenke integrasjon mellom vurdering og undervisning på, og ikke en aktivitet som foregår atskilt fra undervisningen» (Engh, 2010:38). Dette arbeidet skal vera ei hjelp for eleven i læringsprosessen (Utdanningsdirektoratet, u.å.).

Eigenvurderinga til eleven er også ein del av undervegsverderinga. Eleven skal vera med å vurdera eigen kompetanse, eige arbeid og fagleg utvikling (Forskrift til opplæringsloven § 3-12, 2009). Ved å vurdera eige arbeid og eigen framgang, får elevane innsikt i kva dei meistrar, kva dei skal læra og korleis dei lærer (Utdanningsdirektoratet, 2010).

Sluttvurdering gjer informasjon om elevane har lært det dei skal lære og har oppnådd den kompetansen som var tenkt for opplæringa. Denne form for vurdering vert ofte gitt i form av karakterar i fag (Lyngsnes og Rismark, 2007).

Det er viktig å spørja seg når ein skal vurdera, eller når vurderinga skjer. Forsking anbefala at vurdering er ein naturleg del av heile undervisningsprosessen. Ein bør starta vurderinga allereie når ein planlegg opplæringa utifrå kompetansemåla. Ein bestemmer då vurderingsform/dokumentasjonsform, og ein bør ha ei samtale med elevane om mål, innhald og kriterium. Underveis i opplæringa gjer ein konkrete og individretta tilbakemeldingar til elevane gjennom dialog. I tillegg skal elevane vera med på å vurdera seg sjølv. I slutten av prosessen vurderer ein elevens kompetanse på bakgrunn av definerte mål og kriterium (Sætre, 2010). Ved å vera bevisst vurdering i heile opplæringsprosessen, vert måla og kriteria meir tydeleg for elevane i heile prosessen. Det vil også vera med på å gjera det lettare å skapa samanheng mellom undervegsverdering og sluttvurdering (Sætre, 2010).

2.4. Vurdering i musikk

«Det finnes lite systematisk kunnskap om hvordan vurdering foregår og oppfattes i grunnskolens musikkfag i Norge» (Sætre, 2010:73). Kan dette vera fordi ein ikkje synes at vurdering i musikk er viktig, eller er det fordi det er vanskeleg å vurdera i musikk? Mange lærarar vil nok svare ja på dette og grunnane kan vera mange. Ein del meiner at musikkfaget bygg på ein annan logikk enn andre fag, der oppleving, mestring, fellesskap og musikkglede er vanskeleg å vurdera. Det er heller ikkje noko fasit på kva som er musikalsk kompetanse, kvalitet og det er ikkje utvikla eit eige språk til å beskriva kompetanse, kvalitet og læring i musikk (Sætre, 2010). Som eksempel kan eg visa til motstanden eg møtte, når eg var ute å spurde lærarar om dei ville verta intervjua om dette temaet. Alle sa at dei synest det var

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

vanskeleg å vurdera i musikk, og dei hadde ulike grunnar til kva som var vanskeleg. Dette vil eg sjå nærmare på seinare i oppgåva mi.

Ved å sjå på korleis læring i musikk skjer, finn ein viktige innspel til forståing av vurdering. Musikkfaget består av song, spel, lytting, komponering, improvisasjon og dans, som er praktiske handlingar. I tillegg skjer læringa som regel i eit fellesskap. Denne læringstradisjonen minnar svært mykje om meisterlære og i denne tradisjonen vil undervisning og rettleiinga i stor grad vera vurdering. I undervisninga vil læraren ofte fortelje elevane kva dei får til, kva dei ikkje får til, korleis dei kan gjera ting betre osv. Dersom lærarar meiner at dei ikkje nyttar denne type vurdering, så kan det vera at dei ikkje er klar over at dei gjer det (Sætre, 2010).

Vurdering i musikk er viktig av fleire grunnar. Det trengs vurderingsformar som anerkjenn kunstfaglege tilnærningsmåtar. Det viser seg at fleire vel vurderingsstrategiar som hindrar kvalitet i undervisninga og dette er vektlegginga på resultatbasert vurdering og vurdering berre i enkelte fag (Sætre, 2010). Å få til ein større vektlegging på vurdering, kan bidra til ein betre utvikling av musikkfaget i skulen, fordi det vil føra til auka samarbeid mellom lærarar og dette er utvilsamt ein fordel for utviklingsarbeidet i eit lite fag som musikk. Dette vil igjen føra til ein bevisstgjering og språkleggjering av fagets læringsmål, kompetanse og kvalitet. Eit upresist og uklart fagspråk dekkjer over og kan forsterka forskjellane i faginhaldet (Sætre, 2010).

Mange elevar oppfattar musikktimane som fritimar, fordi ein berre skal uttrykkje noko og ikkje lære noko. Dette viser at betydinga av bevisstgjering av mål og gje konkrete og individretta tilbakemeldingar er viktig for at elevane skal forstå, at ein også skal læra noko i musikkfaget (Sætre, 2010). «Vurdering skal støtte elevenes læring» (Lyngsnes og Rismark, 2007:117). Elevane treng støtte og rettleiing om korleis dei kan nå dei aktuelle læringsmåla og dei har behov for tilbakemeldingar om korleis dei står i forhold til det dei skal lære (Lyngsnes og Rismark, 2007).

2.5. Ulike syn på musikkfaget

«Selv om den musikkpedagogiske virksomheten i mange tilfeller har rammer, for eksempel læreplaner, å forholde seg til, er det neppe noen tvil om at den enkelte musikkpedagog vil sette sitt preg på virksomheten» (Hanken og Johansen, 1998:29). Musikkundervisninga kan planleggjas, gjennomføras og vurderas på ulike måtar. Kva som vert vektlagt mest i musikkfaget, vil ha samanheng med kva slags type fagsyn pedagogen som skal styra

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

undervisninga har, kva type utdanning og kva interesse pedagogen har til faget (Sætre og Salvesen, 2010).

Det finnes tre ulike musikkdidaktiske utgangspunkt og den første er *ars-dimensjonen*, der pedagogen har sin hovud kompetanse som praktikar, skaper og utøvar av musikk. Den andre er *scientia-dimensjonen*, der pedagogen har sin kompetanse knytt til vitskapen. Den siste er den *allmennpedagogiske*, der pedagogen har ein meir allmennpedagogisk utdanning og erfaringsbakgrunn, der musikk berre utgjer ein del av den totale faglege kompetansen. Det at ein som pedagog har ulike utdanninger innan musikkfaget, vil medføra til at dei fleste pedagogar vil gjera sine vurderingar av elevane si læring forskjelleg og at ein også vurderer sin eigen praksis ulikt. Dette vil også gjelde når pedagogane har ulikt syn og legg vekt på ulike sider på musikkfaget som undervisningsfag (Hanken og Johansen, 1998).

Kva slags fag musikk er, er ikkje gjeven, men det oppstår som eit resultat av val og prioriteringar av pedagogen. Det fagsynet som kjem til uttrykk hos pedagogen, vil ha samanheng med kva slags legitimeringsargumenter man legg til grunn for faget. Grensene mellom dei ulike fagsyna er ikkje bastante. Ein finn nok ikkje musikkpedagogar, fagplaner eller verksemd som kan plasseras i berre ein kategori, men ein vil finna eit samansett fagsyn kor fleire kategoriar inngår, men med noko ulik vektlegging (Hanken og Johansen, 1998). Når eg no presenterer sju forskjellege fagsyn, er hensikta berre at ein skal kunne skilje dei frå kvarandre. Utifrå synet på *musikk som estetisk fag* er det viktig å skilje mellom god og dårlig musikk, gjennom t.d. å få eit vakkert klangideal, utvikla vakkert spel osv. Det er den sansemessige og erfaringsbaserte omgangen med musikk, som må stå sentralt (Hanken og Johansen, 1998). Mange musikkpedagogar meiner at *musikk som dugleksfag*, altså det å utøva musikk er det grunnleggjande i verksemda. Dette er med på å gjera, at ein må tileigne seg dugleik knytt til stemme, øyre, kropp og instrument. Å tileigna seg musikalsk dugleik er svært krevjande og det krev mykje øving (Hanken og Johansen, 1998). I synet på *musikk som kunnskapsfag*, vert det lagt mest vekt å tileigne seg kunnskapar om musikk som t.d. historie, omgrep, noter osv. Vurderingsformar og – kriteria som brukas i dagens skule, er med på å prega faget, fordi kunnskapar om musikk er det som er lettast å vurdera. Så med dagens læreplanar vert det lagt opp til at musikkfaget står fram som eit kunnskapsfag (Hanken og Johansen, 1998). *Musikk som musisk fag* skal bidra til å utvikla heile menneskje, ei form for oppfostring av heile individets personlegdomsutvikling, og ikkje berre det å bli dyktig i musikk. Det vert i tillegg lagt stor vekt på oppleving, uttrykk og samarbeid med andre fag, særleg kunstfag. Vekten på kreativitet og spontanitet gjer at arbeidsformar som improvisasjon

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

og komposisjon er viktig (Hanken og Johansen, 1998). Det viktigaste utifrå synet på *musikk som trivselsfag*, er at elevane trives med musikkaktiviteten, at det skapas eit godt sosialt miljø der elevane opplever samhald og tilhørsle. Det vert lagt mykje mindre fokus på prestasjonar, kvalitet og meistring og ein vil ikkje la dei musikalske krava gå på kostnad av trivselen (Hanken og Johansen, 1998). Viss ein ser på *musikk som kritisk fag*, kan det innebera at ein legg vekt på at eleven skal utvikla kritisk medvit, sånn at ein kan frigjera seg frå undertrykkjande krefter i samfunnet (Hanken og Johansen, 1998). *Musikk som mediefag* utgjer i stadig større grad musikkrøynda til dagens ungar. Musikkfaget kan utifrå eit sånt ståsted grunngjevas med at det bidrar til elevanes sosialiseringssprosess, sånn at dei kan fungera i dagens samfunn (Hanken og Johansen, 1998).

2.6. Musikksyn i Kunnskapsløftet

Kunnskapsløftet teiknar eit breitt bilet av musikkfaget, som vert beskriven som både eit *skapande fag* og eit *allmenndannande kunstfag*. Faget vert også beskriven som eit *praktisk fag*, der ein skal læra å utvikla *dugleikar*.

I «formålet med faget» i kunnskapsløftets musikkfagplan, står det at *musikkopplevelinga* skal vera forstått som både *estetisk oppleveling* og *eksistensiell erfaring*. Musikkoppleveling er også eit gjennomgåande omgrep i alle hovudområda i læreplanen. (Sætre og Vinge, 2010).

Hovudområda utfyll kvarandre og må sjåas i samanheng. Hovudområda er delt inn i tre og det første er å *musisera*, der både estetisk oppleveling og eksistensiell erfaring er nemnd som fagleg fokus. Det praktiske arbeidet består i song, spel og dans, der det også vert lagt vekt på *kommunikasjon* og *samspel*. Det andre hovudområdet er å *komponera*, som legg vekt på å bruka *kreativiteten* til å skapa noko og i å *improvisera*. Det tredje hovudområdet er *lytta*, som har fagleg fokus på *refleksjon gjennom samtale*.

Det som er nytt i Kunnskapsløftet, er at den har ei kunnskapsside, som fortel kva ein skal lære, men den har også ei praktisk side, som fortel om kva ein skal gjera. Musikkfaget er strukturert i hovudområder, som det er formulert kompetanse mål under. Kompetansane omfattar både *dugleikar*, *kunnskapar* og *haldningar* (Sætre og Vinge, 2010).

Viss ein går tilbake til førre side, der eg har skrive om ulike syn i musikkfaget, og les gjennom læreplanen, vil ein finna alle dei ulike syna presentert. Men det er heilt klart at enkelte av syna er meir vektlagt enn andre, t.d. musikk som eit musisk fag, som er eit av dei tre hovudområda i musikk. Med Kunnskapsløftet kom også kompetanse måla, der det er

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

skildra kva elevane skal lære og kva dei skal vurderas etter. Dette gjer faget til meir eit kunnskapsfag enn det har vert tidlegare.

3.Metode

I metodekapitelet kjem eg til å fortelje kva metode eg har valt til mi undersøking. Vidare kjem litt om validiteten, reabiliteten og etiske refleksjonar rundt undersøkinga mi.

3.1.Intervju

Eg har brukt kvalitativ metode i mi undersøking, i form av intervju av 3 lærarar. «Intervju betyr egentlig en «utveksling av synspunkter» mellom to personer som snakker sammen om et felles tema» (Dalen, 2011:13). Det som er meiningsa med intervju er å få fram fyldig og utgreiande informasjon om eit spesielt tema. Det kvalitative intervju er spesielt eigna for å få innsikt i informantens tankar, erfaringar og følelsar (Dalen, 2011). Det som gjorde at eg valde intervju som undersøkingsform, var fordi eg trengde ein spesiell type informasjon. I ei direkte samtale kan ein også få ein del ekstra informasjon, som kan vera nyttig. Samtalane eg har hatt har vert målretta og tilpassa, akkurat for å få den informasjonen eg trengde for å kasta lys over mi problemstilling (Postholm og Jacobsen, 2011). I min prosess har eg dermed måttå gjera ein del val og stilt meg sjølv nokre spørsmål.

Det første eg måtte tenkja på, var kva eg ynskte informasjon om. Som skildra i mi problemstilling er det informasjon om kva opplevingar læraren har når det gjeld vurderingspraksis i musikkfaget eg ville finna meir ut om. Eg ville sjå om det var spesielle utfordringar med vurdering i musikk. I tillegg ynskte eg å finna ut om utdanning, fagsyn, interesse osv. kan ha noko med kva og korleis ein vurderer.

Det andre spørsmålet eg måtte stilla til meg sjølv var kven eg skulle snakka med, for å få svara på mi problemstilling. Eg valde å intervju musikk lærarar, dette fordi det er deira arbeid eg ville sjå nærmare på. Det eg ikkje visste på førehand, var den store skepsis eg møtte for mitt valde tema. Det var tydeleg at lærarane eg snakka med undervegs i prosessen min, følte at dei ikkje gjorde ein god nok jobb når det gjaldt vurdering i musikkfaget. Det var seks personar, som svara nei på førespurnaden min, om intervju. Dette kan sjølvsagt ha noko med korleis eg la det fram for dei, for etter at dei sa nei, starta dei å snakka mykje om tema, både om korleis dei arbeidde med musikkfaget og det kom også fram tankar om kva som var vanskeleg med akkurat å vurdera i musikk. Når eg sa at det var akkurat desse tankane deira eg var ute etter, og at mykje av det dei fortalte meg var interessant og relevant for oppgåva mi, sa

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

dei fortsatt nei til intervju. Sidan eg møtte så stor motstand som eg gjorde, kunne eg valt andre intervjuobjekt, som t.d. elevar, for å høyre korleis dei opplevde vurdering av eigen læring. Men då måtte eg forandra på problemstillinga mi og det ynskte eg ikkje. Eg fortsette å leita etter nokre lærarar som ville verta intervjeta og eg fant nokre få til slutt.

Det tredje eg måtte ta stilling til var kva form for dialog eg skulle velje. Eg valde ansikt-til-ansikt intervju, fordi dette ville auke moglegheita for å etablera ein personleg relasjon, som igjen kanskje kunne føra til ein meir open samtale. I tillegg kan ein observera den ein intervjuar ved å sjå på kroppsspråk, ansiktsuttrykk osv. Det som kan vera vanskeleg med denne type intervju er at det kan følas lite anonymt (Postholm og Jacobsen, 2011).

Det fjerde spørsmål eg måtte stille til meg sjølv, var korleis eg skulle gjennomføra samtalane. Det finnes tre former for intervju; -det strukturerte, -det halvstrukturerte og -det ustukturerte intervjuet. Eg valde eit halv strukturert intervju, som betyr at ein har klar spørsmåla på førehand, men ein er også open for at det kan tas opp tema som ikkje er planlagt på førehand (Postholm og Jacobsen, 2011). Det som gjorde at eg valde denne strukturen, var at eg kanskje kunne få noko ekstra informasjon som eg kunne ta i bruk i oppgåva. Viss eg hadde vald t.d. eit strukturert intervju, ville dette bunde meg for mykje til manus. Eller viss eg hadde valt det ustukturerte intervju er eg redd for at eg kunne få mykje meir informasjon enn nødvendig, og då kunne dette medføra til at det blei lite relevant for oppgåva mi (Postholm og Jacobsen, 2011).

Det femte og siste spørsmålet var korleis eg skulle gjennomføra intervjuet. Eg utarbeida eit ferdig intervju før gjennomføringa, men eg var aktiv i samtala med oppfølgingsspørsmål, sånn at svara blei meir utfyllande. Det er sånn eit halvstrukturert intervju ofte føregår (Postholm og Jacobsen, 2011). Intervjeta har eg gjennomført både heime og på kontora til lærarane.

3.2. Dokumentanalyse

I tillegg til intervju, har eg brukt dokumentanalyse, som støttemetode. Dette er også ein kvalitativ metode som er «ord, setninger og fortellinger som er samlet inn eller nedtegnet av andre» (Jacobsen, 2003:86). Forskarar kan nytta seg av årsrapportar, offentleg dokument, politiske sjølvbiografar, brev, dagbøker osv. i dette arbeidet (Jacobsen, 2003).

Kjeldegransking har same sterke side som intervju, ved at man får innblikk i kva mennesker seier og meiner. «Forskjellen er at nedtegnede kilder er mye mindre spontane, de er mer reflekterte og gjennomtenkte» (Jacobsen 2003:86). Eg har brukt denne metoden for å støtta

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

meg på tidligare forsking, dokumentasjon, og for å samanlikne mine funn, opp mot andre sine funn om same tema.

3.3. Validitet og Rehabilitet

Eg har mått reflektera opent om svakheiter og styrker knytt til måten informasjonen er innsamla og behandla på. Dette vil igjen vise kor gyldige og pålitelige mine funn og resultat er (Postholm og Jacobsen, 2011).

Validitet er det same som gyldighet, og det går ut på om ein har dekning for sine tolkingar av funn og resultat (Postholm og Jacobsen, 2011). Har eg fått svar på det eg ynskte å få svar på? Dette kallar Jacobsen (2003) intern gyldighet. Eg meiner den interne gyldigheten er god, då eg har intervjuat musikklærarar som er ekspertar på området og dei har gitt meg den informasjonene eg hadde bruk for til mi undersøking. Kva grad kan funna frå undersøkinga generaliseras frå nokre få utvalde til ei større gruppe? Dette kallar Jacobsen (2003) ekstern gyldighet. Hensikta med kvalitativ undersøking har i liten grad til hensikt å slå fast hyppigheten eller omfanget av eit fenomen. Hensikta er meir å forstå og utdjupe fenomen (Jacobsen, 2003). Mitt utval som er musikklærarar, er valt ut for eit spesielt formål og det er å gje meg god informasjon om eit tema som dei er ekspertar på. Dermed er ikkje dette utvalet representativ for ei større gruppe i samfunnet, men det har heller ikkje vore hensikta.

Rehabilitet er det same som pålitelegheit, og det går ut på om ein kan stola på at lærarforskaren har gjort eit godt handverk i samband med undersøkinga si. Dette betyr at ein ikkje har slurva med datainnsamling, registrering, reinskriving, analyse eller framstilling av noko ein har nyoppdagat. Dette er ikkje noko som kan garanteras, men det er viktig å reflektera rundt dette (Postholm og Jacobsen, 2011). Eg meiner at oppgåva mi er påliteleg, fordi eg har brukt ulike kjelder som bekreftar og understøtter kvarandre. Dette er med på å styrke truverdigheta og kvaliteten på arbeidet mitt. Me fekk ikkje lov å bruka lydopptakar i undersøkinga, men eg meiner at eg sikra pålitelegheita til undersøkinga når eg reinskrev intervjuet i etterkant, då eg enno hadde samtalane friskt i minne og sjansen var mindre for å utelata viktig informasjon.

3.4. Etiske refleksjonar

Det som eg har tatt omsyn til ved bruk av dei valde metodane mine, er at informasjonen som eg har innhenta er blitt behandla med omsyn. Eg har brukt menneskjer som informasjonskjelde og det er derfor viktig å ta omsyn til personvernet. Dette har eg gjort ved å anonymisere personane.

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

Til mi undersøking laga eg eit informasjonsskriv til dei som eg skulle intervju. Dette for at informantane skulle verta godt informert om kva undersøkinga gjekk ut på og kva dei skulle bidra med. Informantane har gitt samtykke til å bidra og det har vært friviljug å delta. Informasjonsskrivet er attgjeve til slutt i oppgåva.

4.Empiri: Presentasjon av data

Eg har intervjuat tre lærarar, med tre heilt ulike bakgrunnar. Eg kjem til å kalla dei alle for han, og eg kjem til å nummerere dei som lærar I, lærar II og lærar III.

Lærar I er i 20 åra, er allmennlærar med 15 studiepoeng i musikk og har tatt lærarutdanning etter *Kunnskapsløftet* vart innført. Han er ikkje aktiv i musikklivet i dag, men var det i sin barndom.

Lærar I er ikkje fornøgd med sin eigen vurderingspraksis og har dårlig samvit for å ha for lite fokus på dette. Han tykkjer det er vanskeleg fordi musikkfaget manglar vurderingskriterium, føler det er lite omgrep i dette faget i forhold til andre fag, veit ikkje heilt når det er fint nok og er redd for å såra elevane. Tykkjer også det er vanskeleg å måle kunnskap i musikk, for det er så individuelt og personleg. Legg mest vekt på deltaking i musikktimane og mindre på utføring og sluttprodukt.

Denne læraren har kurs i «vurdering for læring», og har stor tru på dette og bruker det i alle fag, mest i basisfaga, for der er det lettast å finne kriterium. Læraren har alltid måla i musikk med på årsplan og vekeplan. Måla vert gjennomgått kvar måndag, der elevane får vite kva dei skal læra og kva dei skal gjera i laupet av veka. Måla vert også repetert fleire gongar i laupet av veka. Om fredagen må elevane fortelje om dei har nådd måla, og målaoppnåing vert også testa på vekequis. I tillegg har han ein vurderingskolonne med på vekeplanane, der eleven skal vurdera seg sjølv. Vurderingskolonnane vert visuelt framstilt med fargar: raud (kan dårlig), gul (kan litt), grøn (kan godt). Læraren lagar alltid måla klar på førehand, men enkelte gongar får elevane vera med å utarbeida kriterium også.

Lærar I har eit fagsyn i musikk som inneholder både det estetiske, trivselsfag (skape mestringsfølelse og interesse i faget), musisk fag og kunnskapsfag, for som læraren i seier:

«Musikk som kunnskapsfag legg eg stor vekt på. Eg hentar kunnskapsmåla frå Kunnskapsløftet, som eg arbeidar ut i frå. Men det musiske er viktigast for dette er hovuddelen av faget, sidan musikk er eit uttrykksfag».

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

Når denne læraren rettleiar undervegs går det i munnlege tilbakemeldingar, han føler også han er flink med ros og oppmuntringar. Elevane brukar mest framføringar for kvarandre, og då er det delmålet som vert vurdert i ei felles samtale, der elevane får ytra noko positivt til kvarandre. I tillegg har dei ein stor juleavslutning, der elevane har framføring for foreldra. Denne vert ikkje vurdert noko grundig, men meir kva som var bra, kva som må verta endra på til neste år osv. I elevsamtaler og utviklingssamtalar med foreldra, vert vurdering nemnd med positive kommentarar, men ikkje noko detaljert og grundig, sånn som i basisfaga.

Refleksjon og eigenvurderinga av eige arbeid er nok ikkje så grundig, som i andre fag. Skriver sjeldan ned noko, men tenkjer over kva som gjekk bra og kva som ikkje gjekk bra:

«Når noko ikkje fungerer, er det enklast å ikkje følgje opp, eg tenkjer: aldri meir! og skyv det frå meg. Eg meiner det er lettare å sluntra unna i musikkfaget enn i andre fag».

Sluttkommentaren frå lærar I er at han slit med rammefaktoren instrument, som medfører at det er vanskeleg å nå alle kompetanseområda i musikk. Dette gjer igjen til at vurderinga vert vanskeleg, fordi ein ikkje har noko å vurdere ut i frå. I tillegg kunne han ønskt seg meir utdanning innan musikk.

Lærar II er i 50 åra, er også allmennlærar med 15 studiepoeng i musikk. Denne læraren er i tillegg svært interessert i bandspeling, og har sjølv spelt mykje i band.

Denne læraren er ikkje fornøgd med sin eigen vurderingspraksis og meiner den kunne vert betre og han kunne hatt større fokus på dette. Det som denne læraren synes er vanskeleg er mangelen på vurderingskriterium i dette faget. Han meiner det er umogleg å vurdere eigenopplevelinga, fordi den er personleg og han er redd for å øydelegge dette og dermed vert det skummelt å vurdere. I tillegg har han vanskar med rammefaktoren tid og prioriteringa av andre fag:

«Viss eg hadde hatt meir tid, kunne eg vert meir fleksibel, t.d. om eg hadde vært kontaktlærar og hatt alle faga, så kunne eg sjonglert litt med timane. Dette ville medført at eg kunne få meir tid til samtala med elevane, vurdering og framovermeldingar»

I tillegg skulle han ønskt seg meir utdanning innan musikk, for han meiner det er forskjell på allmennlærarar og musikklærarar. Han har heller aldri fått noko opplæring i arbeidet med vurdering.

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

Alle tema som det skal arbeidet med vert gjort kjend gjennom årsplanen, men han er ikkje så opptatt av at denne må følgjast slavisk. På vekeplanen står det alltid kva det skal arbeidas med i musikk og dette vert gjort kjent før timen startar. Måla vert utarbeidd av lærar, men elevane kan koma med forslag av t.d. songar og musikk dei vil arbeida med. Elevane er ikkje med på vurdering av kvarandre.

Lærar II sitt fagsyn i musikk inneheld estetikk, der han liker å få eit vakkert resultat, som er presentabelt. Han meiner og at musikk er eit trivselsfag. Musikkfaget som kunnskapsfag meiner han er litt avhengig av klassetrinn og han er ikkje så opphengt i å følgje dette slavisk. Det som denne læraren legg mest vekt på er musisering, og dette har med hans interesse i band å gjera:

«Det viktigaste er at elevane musiserer - får spele og utøva musikk».

Han er opptatt av at alle får prøve seg på alt. Derfor meiner han at deltaking er det viktigaste, men liker også å få til eit fint sluttprodukt, men dette må vurderas ut i frå alder. Når han vurderer går det mykje i munnlege tilbakemeldingar, der han seier kva som er bra og kva ein må øve meir på. Han føler han er flink med oppmuntring og ros.

Kvar klasse arrangerer samlingsstund ein gong i året, for resten av skulen, der dei framfører musikk. Elles vert det gjennomførd ein del klassekonsertar. Denne læraren er også med å laga musikalar som vert brukt i skulen. Framføringane vert vurdert munnleg, der elevane får positive tilbakemeldingar. Musikalen vert vurdert av alle lærarane som er involvert. I dette arbeidet får alle ytre si mening om korleis dei følte det gjekk, erfaringar undervegs og kome med tankar og idear om vidare arbeid. I elevsamtalar og utviklingssamtalar vert det gitt positive kommentarar om korleis eleven viser interesse i faget og om eleven er delaktig. Det vert ikkje utarbeidd mål å arbeida vidare med. Refleksjon og eigenvurdering av eige arbeid vert ikkje skriven ned, men tankar rundt timane har han:

«Enkelte gongar er timane vellykka (ofte dei timane som elevane utøver musikk med instrument, for dette likar eg godt å arbeida med). Andre gongar fungerer timane ikkje så godt, og då synes eg det er pyton å vera musikklærar».

Lærar III er i 60 åra, har hovudfag i musikk og lærarutdanning med årsstudium i musikk. Denne læraren har alltid vert svært aktiv med i musikklivet, som dirigent i ulike kor, korps og strykeorkester.

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

Lærar III er ikkje fornøgd med sin eigen vurderingspraksis, men synes ikkje dette er den viktigaste sida ved faget og legg derfor ikkje så stor vekt på det. Han meiner i tillegg at det er vanskeleg å vurdere i musikk, fordi det er eit utrykksfag (synge og spele), og ikkje eit fasitfag sånn som ein del andre fag er. Eit menneskje utrykkjer seg ikkje därlegare enn andre, derfor passar ikkje dette faget saman med ideen om vurdering. Han meiner at utgangspunktet til dette faget ikkje har klare kunnskapsmål som skal oppnåas, sånn som andre fag som t.d. matematikk, som har enkle klare omgrep og resultat. Men ein kan finna kriterium i teorideelen til faget, som t.d. i noter, omgrep og historie. I utrykksdelen er det vanskeleg å finne kriterium, for fagets eigenart er å lage lyd og forstå lyd. Det handlar om å gjera: synge, danse, spele, forstå verden kring seg og denne kompetansen er ikkje mogleg å måle.

Denne læraren har inga opplæring i vurdering, og når han tok lærarutdanning var det lite fokus på vurdering. Men pga. at han har arbeidd mykje i skulen, så har han mått vurdert. Han har ikkje arbeidd i grunnskulen etter Kunnskapsløftet vart innført. Vekeplanar brukte han ikkje, men i årsplanen stod det kva tema dei skulle arbeide med til kvar tid. Han laga ofte opplegg som gjekk over lengre tid. Måla vart gjort kjent på førehand, men dei vart ikkje gjentatt for kvar musikktid.

Fagsynet til denne læraren er å få til et vakkert spill (estetisk). Det er også viktig å ha det gøy, sånn at ein får lyst til å arbeide med faget (triveselsfag). Kunnskapar er viktig, som t.d. omgrep, historie og noter. I tillegg er det å uttrykke seg det viktigaste (musiske).

«Alt er sider ved musikkfaget etter korleis ein brukar faget. Faget handlar om lyd, der menneska lagar lyd. Det viktigaste for meg er å gjera faget interessant».

Når han t.d. arbeidde med komponering, var han fødselshjelper. Elevane hadde med seg instrument inn i grupperomma, for å skape noko. Han hjelpte dei med igangsettinga, for samarbeidet er ofte vanskeleg i byrjinga. Han gjekk rundt undervegs for å stilla spørsmål om utviklinga og når dei var fornøgd, kom dei saman for å framføra for kvarandre. Dei fekk tilbakemelding frå både lærar og medelevar på arbeidet sitt og kva dei kunne arbeide vidare med. Denne vurderinga vart alltid formidla munnleg og elevane var flink til å gje framovermeldingar til kvarandre og seg sjølv. Etterpå gjekk dei tilbake til grupperomma for å vidareutvikla produktet. Enkelte gongar framførte elevane også for andre klassar og for foreldre. Det som var viktig var at elevane var fornøgd med resultatet, at det hadde bra kvalitet så elevane ikkje trengde å vera flau over det. Alle framføringar vart vurdert og elevane var også med på å vurdera det ferdige produktet.

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

«Sluttproduktet veit eg aldri korleis endar, det vert alltid forskjellig frå gong til gong. Måla er aldri ferdigdefinert, men eg prøver å kome så langt som mogleg. Deltaking og utfaldning er det viktigaste. Måla har mange ulike retningar og det vert til undervegs, derfor er vegen målet og arbeidsprosessen det interessante».

Læraren vurderte i tillegg lekser og arbeid som vart gjort i arbeidsbøker. Det vart gitt tilbakemelding på både skriftleg og munnleg arbeid. Elevsamtykking og utviklingssamtaler var eg ikkje god på, for vurdering var ikkje eit vanlig tema i dette arbeidet når eg arbeidde i grunnskulen.

Refleksjon og eigenvurdering av eige arbeid forsøker eg alltid å få tid til. Eg skreiv ned mykje når eg arbeidde i grunnskulen.

5.Drøfting av empiri

Drøftingsdelen har eg delt opp i underkapittel. Det første som vert drøfta er bakgrunnen til dei tre lærarane, der eg tar for meg vektlegging av vurdering i utdanninga og eventuelle kurs dei har i vurdering. Eg ser her på om dette er med på å påverke vurderingsarbeidet deires. Vidare ser eg på ulike vurderingspraksisar som føregår i skulen. Etter dette kjem kva lærarane syns er mest utfordrande med vurdering i musikk. I avslutninga ser eg på om fagsynet og kunnskapsløftet har noko å sei, for korleis dei vurderer.

5.1.Bakgrunnen til lærarane

Lærar I er den som har fått mest opplæring i vurdering. Han er den einaste som har tatt lærarutdanninga etter Kunnskapsløftet. I tillegg har han deltatt på kurs om vurdering for læring, som han brukar systematisk i alle fag. Ifølgje lærar II og III var fokus på vurdering meir eller mindre fråverande då dei tok si lærarutdanning. Men vurdering i musikk er ikkje eit nytt fenomen i den norske skule. «Det nye er å prøve å systematisere denne praksisen, knytte den opp til fagets kompetansemål og gjøre elevene bevisste på hva de jobber mot og hvilke deler av arbeidet som knyttes opp til formelle vurderingssituasjoner» (Sætre og Vinge, 2010:177). Med denne vektlegginga av vurdering, kan dei som ikkje har så mykje opplæring i dette engste seg over at oppgåvene vert for store. Kanskje dei ikkje ser hensikta med dette fokuset, sidan dei tross alt har arbeidd lenge i skulen og det har fungert fint sånn som dei alltid har gjort. Lærar I og II seier begge at dei skulle ønskt at dei hadde meir utdanning i faget, for då meiner dei at føresetnadane deira hadde vert annleis. Dette ser ut som det ikkje stemmer når det gjeld vurdering, for når ein ser på dei tre lærarane viser det seg at det er meir

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

vektlegginga og kulturen for vurdering, som er utteljande. Lærar I har stort fokus på vurdering i alle fag, også musikk og det verkar som det har meir med opplæring/kurs å gjere og om ein ynskjer å leggja vekt på vurdering. Lærar III har mest utdanning innan musikk. Han har i tillegg lengst erfaring i skuleverket og har utført mykje vurdering opp igjennom tida, men seier sjølv at han ikkje legg så stor vekt på akkurat dette, fordi han meiner vurdering ikkje er det som er viktigast i dette faget.

5.2. Vurderingspraksis

I laupet av prosessen min med oppgåva, har eg møtt på nokre utfordringar, som eg også har beskrive i metodekapittelet mitt, og det var spesielt det å finna nokre lærarar som ville verta intervjua. Med ein gong dei høyrd tema for oppgåva mi, trekte dei seg frå intervjuet. Dette fordi dei sa at å vurdere i musikk var så vanskeleg og at dette arbeidet brukte dei ikkje tid og krefter på. Når eg snakka vidare med dei, la dei ut i det vide og det breie om kva som var vanskeleg. Eg prøvde å fortelje dei at det var akkurat utfordringane med vurdering eg var interessert i, og at det dei fortalte meg var svært interessant for meg og oppgåva mi, men dei ville fortsatt ikkje verta intervjua.

Når eg no har arbeidd med denne oppgåva ei stund, ser eg at det er mykje dei same utfordringane lærarane har i musikkfaget. Alle dei tre lærarane som eg har intervjuat, meiner dei er for dårleg på å vurdere i musikk, men dei utfører alle saman ulike formar for vurdering. «Mye av det lærere og elever gjør i et klasserom, kan beskrives som vurdering. Det vil si oppgaver og spørsmål som har til hensikt å få elevene til å vise sin kompetanse, forståelse og sine ferdigheter» (Slemmen, 2010:87). Læraren demonstrerer, korrigerer, rettleiar, gjer ulike tips, viser ulike løysingar, legg til rette og tilpassar opplæringa. Som beskriven i empirien, fekk me vite korleis lærar III arbeidde med elevane sine i grupper. Han hjelpte dei i gong, han gjekk rundt underveis for å stilla spørsmål og for å hjelpe elevane. Klassen kom saman etter ei tid og framførde for kvarandre, der dei fekk tilbakemeldingar frå lærar og medelevar på kva dei kunne arbeida vidare med. Så gjekk dei tilbake i grupper for å vidareutvikla produktet. Når dei var fornøgd med resultatet hadde dei framføring for andre, som også blei vurdert. Det elevane seier og gjer, vert observert og fortolka av læraren, som vidare kan sjå ut frå dette korleis læringa til elevane kan forbetras gjennom konkrete framovermeldingar (Slemmen, 2010). Undervegs vurdering gjennom munnlege framovermeldingar er særskilt viktig, og dette er område som alle dei tre lærarane legg stor vekt på. Spesielt lærar I og III har gode innarbeidde rutinar for dette. Som nemnd tidlegare i teoridelen kan denne måten å arbeida på minna om

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

meisterlærertradisjonen der læraren først demonstrerer korleis eleven skal gjere noko, så øver eleven på dette, mens læraren korrigerer underveis i prosessen ved å gje munnlege framovermeldingar. Læraren (meisteren) tar utgangspunkt i kriterium som er utvikla, for deretter å vurdere utføringa (Hanken og Johansen, 1998).

Det som er nytt i vurderingsarbeidet er å systematisere praksisen, knyte den opp mot kompetansemåla og gjera elevane medvitne på kva dei arbeidar mot (Sætre og Vinge, 2010). Dette har lærar I gode innarbeidde rutinar på, der han alltid har måla for timen med på vekeplanen. Måla vert gjennomgått munnleg med elevane kvar måndag, der elevane får vite kva dei skal læra og gjera i laupet av veka. Måla for timen vert repetert underveis og på fredagen må elevane bruka vurderingskolonna på vekeplanen og skrive om dei har nådd måla. Dei andre to lærarane presenterer også måla, men dei vert ikkje følgjt opp på same måte som lærar I gjer det. Lærarar er vanlegvis flinke til å forklare elevane temaet for timen og beskrive aktiviteten, men det er ikkje alltid ein tydeleg samanheng mellom det som skal gjeres og det som skal læres. Derfor må læringsmåla formuleras tydeleg for elevane, sånn at dei kan verta i stand til å vite kva dei skal arbeide mot.

Dei tre lærarane legg stor vekt på å gje positive tilbakemeldingar. Dette er med på å styrke kjensla av meistringa til elevane. Men som fortalt i teoridelen, bør tilbakemeldingane ein gjer underveis også vera konkrete og individretta, for at dei skal fremma læring. Dette er kanskje noko dei tre lærarane ikkje er så flinke til. I utviklingssamtaler med foreldre og elevar vert det også brukt mest positive tilbakemeldingar i musikk og ikkje kva dei skal arbeide vidare med, sånn som ein ofte gjer i andre fag.

Framføringar er viktig i skulen, og dei tre lærarane brukar både framføringar for kvarandre i klassen, enkelte gongar for andre klassar og for foreldra. Alle lærarane vurderer framføringar gjennom munnleg samtale med elevane, der elevane også får ytra noko positivt til kvarandre. Dette er noko dei alle har gode erfaringar med og det verker som dette er innarbeidde rutinar hos lærarane.

I fylgje Sætre (2010) bør ein allereie frå planleggingsfasen tenkje på vurdering, der ein finn kriterium som skal brukas i arbeidet med vurdering, korleis eleven skal få tilbakemeldingar, korleis dei skal ta del i vurdering av sitt eige arbeid og korleis elevane skal hjelpas til å vidareutvikla seg. Som fortalt tidlegare driv lærar I mykje med «vurdering for læring», der han planlegg vurderingskriterium på førehand og enkelte gongar ilag med elevane. «Når elevene er aktive medspillere, styrkes deres evne til å oppnå nye kunnskaper, ferdigheter og

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

forståelse» (Slemmen, 2010:120). Måla for timen vert alltid gjort kjent for elevane. Han følgjer opp med framovermeldingar og går gjennom måla ved vekas slutt der elevane er med på å vurderer seg sjølv. Dette er heilt i tråd med føresetnadene for god undervegsvurdering presentert av Black og William si forsking, som eg har fortalt om i teoridelen. Lærar II og III gjer også måla kjende før timen, både munnleg og på vekeplanen, men dei har ikkje same oppfølging av måla sånn som lærar I har. Dette er dei heller ikkje så opptatt av, for dei meiner at aktiviteten som skal gjerast er det viktigaste. Dette går heilt fint ifølgje Slemmen (2010) så lenge læraren stiller seg spørsmåla om aktiviteten støttar elevanes læring og kva elevane vil læra av aktiviteten.

I musikkpedagogisk verksemeld vert vurdering først og fremst knytt til elevane si læring, men vurdering gjeld også vurdering av verksemda (Hanken og Johansen, 1998). Lærar III er nok den læraren som er mest grundig i dette arbeidet og har skrive ned mykje oppover tida. Dei andre to lærarane legg ikkje så stor vekt på dette arbeidet i musikkfaget. Ein bør alltid tenkja over kva som fungerte i undervisninga og kva som ikkje gjorde det. Ut av dette vil ein få eit grunnlag for forandring og forbetring. Utan refleksjon og vurdering av eige arbeid, vert det vanskeleg å utvikla seg sjølv i lærarrolla.

5.3. Utfordringar med vurdering i musikk

«Begrepet vurdering betegner et strukturert og systematisk arbeid med å bedømme noe i forhold til visse kriterier» (Hanken og Johansen, 1998:117). Som fortalt tidlegare i teoridelen skal det vera kjent for eleven kva som er måla for opplæringa og grunnlaget for vurderinga skal ta utgangspunkt i kompetansemåla frå læreplanen. Alle dei tre lærarane synes det er vanskeleg å vurdere i musikkfaget og dei slit med vurderingskriteria, fordi det er lite omgrep i musikkfaget kontra andre fag. Lærar I og II seier at det som er vanskelege med vurdering i musikk er, t.d. å måle eigenopplevelinga til elevane, kunnskapar i musikk er så individuelt og personleg, ein vert redd for å såre nokon, det er vanskeleg å sei når det er fint nok osv. Lærar III seier at det som er vanskeleg, er at musikk er eit utrykksfag og ikkje eit fasitfag sånn som mange andre fag er. Han meiner at faget ikkje har klare mål. I teoridelen av faget kan ein finna kriterium å måle ut i frå (noter, omgrep og historie), men dette manglar i utrykksdelen. Han seier at det er vanskeleg å bedømme kven som uttrykkjer seg godt eller dårleg. Fagets eigenart er å lage lyd og denne kompetansen er umogleg å vurdere. Dette «...viser noe av kompleksiteten knyttet til vurdering i musikk. Musikkfaget i skolen har et mangefasettert kunnskapsgrunnlag» (Sætre og Vinge, 2010:166). Faget er teoretisk i den musikkvitenskapelege

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

delen, mens det er estetisk erkjennande i den kunstnarlege delen. Så lenge musikkfaget vert definert som eit skapande fag, eit utøvande fag og eit kunnskapsfag, vil vurdering i dette faget kunne angripas på forskjellege måtar (Sætre og Vinge, 2010).

Det var også andre ting som vert nemnd, som utfordrande med vurdering i musikk. Lærar I sleit med rammefaktoren instrument, som medførte til at det vart vanskeleg å nå alle kompetanseområda i musikk. Dette er eit velkjent problem i grunnskulen og då er det berre kreativiteten til læraren som kan hjelpe, der ein kanskje må laga instrument sjølv, bruke andre ting som instrument som ikkje er instrument (stomp) osv. Lærar II nemnde ramme faktoren tid som utfordrande. Hadde ein hatt meir tid kunne ein vore meir fleksibel og dette ville føre til meir tid til samtale med elevane. Dette kunne igjen føre til ein grundigare vurderingspraksis. Det er lite ein kan gjere med ramme faktorane, derfor er det viktig å gjere maksimalt bruk av det handlingsrommet ein har. Ein må som lærar ha vilje til nytenking og fleksibilitet sånn at ein kan bruka rammene kreativt. Det beste er å ikkje berre oppfatte rammene som avgrensingar, men også som moglegheiter.

5.4. Fagsynet til lærarane og ulik vektlegging på faget

Alle dei tre lærarane har forskjellig interesse i faget. Lærar II er utøvande musikar i band og legg stor vekt på instrumentundervisning. Lærar I er ikkje utøvar i dag, men har spelt ulike instrument og likar godt musikk. Lærar III har alltid halde på med musikk, gjennom dirigering, song og spelning av instrument.

I fylgje Varkøy (2010) tar musikkklæraren med seg sin musikkoppfatning inn i musikkundervisninga og det vil virka inn på mykje av det som skjer og ikkje skjer i undervisninga. Dette vert kalla lærarens grunnsyn som kan omfatte fagsyn, elevsyn, musicalitetssyn, synet på lærarrolla, kunnskapssyn, musikksyn osv. Med dette kan læraren vera ein dørspør for musikalske erfaringar, men han kan og stå i vegen for musikalske erfaringar. Dette viser at det er viktig at læraren har eit gjennomtenkt forhold til sitt musikksyn. Kva som skal prioriteras av produkt eller prosess i vurderinga, vil avhenge av kva som vert mest vektlagt i undervisninga (Hanken og Johansen, 1998). Når det gjelder kva lærarane i mi undersøking vektleggje mest av deltaking, utføring og sluttproduktet, var alle einig om at det var deltakinga som var viktigast. Lærar II synes også det er kjekt å få til eit fint sluttprodukt, men dette må vurderas ut i frå alder. Lærar III meiner at sluttproduktet veit ein aldri korleis vil verte, fordi det vert forskjellig frå gong til gong. Måla har ulike retningar og det vert til undervegs, derfor er vegen målet og arbeidsprosessen det viktige. Musikkfaget

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

er ein skapande verksemrd, der prosessen er den mest sentrale faktor undervegs til eit ferdig produkt.

Dei tre lærarane legg alle mykje vekt på det musiske i faget, fordi det er å uttrykke musikk dei meiner er det viktigaste. Lærar II er kanskje den som legg mest vekt på dette, sidan band er hans store lidenskap og han driv mest med instrumentalundervisning i skulen. Elles legg dei stor vekt på trivsel og å gjera faget interessant. Det estetiske er også viktig, fordi dei liker å få til eit vakkert spel og eit fint resultat. Sjølvsgått er ikkje det likt vektlagt av alle dei tre lærarane, for det er alltid individuelt ut i frå korleis ein brukar faget. Dei nemner alle musikkfaget som eit kunnskapsfag også. Lærar II seier at det er litt avhengig av kva alderstrinn han har og er ikkje så opphengd i å følgje dette slavisk. Lærar I legg stor vekt på dette og bruker kompetanseområda frå læreplanen systematisk å utarbeide kriterium frå. Lærar III legg også stor vekt på læring av kunnskapar, som t.d. notar, musikhistorie og omgrep.

Viss eg skal sjå om desse lærarane sitt fagsyn er «farga» av kunnskapsløftet sitt fagsyn, så er det ingen enkle svar å finna på dette. Som beskrive i teoridelen famnar Kunnskapsløftet vidt når det gjeld musikkfaget. Det er eit skapande fag, eit praktisk fag og eit allmenndannande kunstfag. Det er kunnskapar som skal lærast, men det er også ei praktisk side som fortel oss kva ein skal gjera. Det som kan vera med å påverke lærarane sitt fagsyn er kompetanseområda, for ein skal ta utgangspunkt i desse måla når ein planlegg undervisninga. Hovudområda er musisering, komponering og lytting, og under desse tre områda står det kva som skal lærast. Alle dei tre lærarane leggje stor vekt på musisering, for det er å uttrykkje musikk dei meiner er det viktigaste i faget.

6.Konklusjon

«Vurderingens formål og funksjon har lenge vært et aktuelt tema i skoledebatten i Norge og resten av verden» (Slemmen, 2009:161). Som fortalt i teoridelen har Kunnskapsløftet ein overordna målsetting om å auke læringsutbytte for alle elever (Utdanningsdirektoratet, u.å.). Elevane lærar betre når dei skjønnar kva dei skal lære, og kva ein forventar av dei. Det er derfor viktig med tydelege mål og kjenneteikn for måloppnåing, leggja til rette for eigenvurdering og gje gode tilbakemeldingar som elevane lærar av (Slemmen, 2010).

Mi problemstilling var kva vurderingspraksis i musikk som finst i dagens skule og eventuelle utfordringar med dette arbeidet. Det eg har koment fram til gjennom mi undersøking er at alle lærarane utfører ei eller annan form for vurdering. Denne vurderinga føregår gjennom

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

munnlege samtalar med elevane undervegs i arbeidsprosessen. Men lærarane bør leggja meir vekt på å gje konkrete framovermeldingar og tilbakemeldingar. I tillegg bør dei utarbeida ei meir systematisk bruk av undervegsvurderinga, sånn som lærar I har gjort. Dette ville hjelpt elevane med å få innblikk i kva som er gjort bra og kva som bør arbeidast vidare med.

Det er mange lærarar som trur at dei ikkje vurderer i musikk, men dette er ikkje riktig. Alle lærarar vurderer elevane si læring og seg sjølv og opplegget sitt, men det som er forskjellig frå lærar til lærar er kor innarbeidde rutinar ein har og kva ein legg mest vekt på i vurderinga. I fylgje ulike forsking er den beste vurderingspraksis den som startar allereie i planleggingsfasa, og fylgjer heile undervisningsopplegget til refleksjonen som læraren har etter avslutta opplegg. «Så lenge musikkfaget defineres som et utøvende fag, et skapende fag og et kunnskapsfag, vil vurdering kunne angripes på forskjellige måter (Sætre og Vinge, 2010). Det kan hende utfordringane med å vurdere i musikkfaget er større enn i andre fag, men alle vurderer eit eller anna i laupet av ein undervisningstime.

Musikkfaget er eit fag med mykje praktisk arbeid, og dermed verkar det som om lærarane synast det er mykje vanskelegare å vurdere i dette faget kontra andre fag som har meir omgrep og fasitsvar. Kjennskap til mål, kriterium og å få være med å utarbeide dette sjølv, seier Black og Wiliam er særstakt viktig for elevane si forståing for kva dei skal lære. Det aukar også motivasjonsfaktoren til elevane når dei skjønar kva dei skal lære. Lærarane i mi undersøking slit med å finna kriterium i musikkfaget. Dette er på grunn av at musikkfaget er ei blanding av uttrykksfag og fasitfag og uttrykksdelen er vanskeleg å vurdere. Elevane får ei viss kjennskap til mål og kriterium, men eg ser ikkje at desse måla alltid vert fylgt opp. Dette har igjen med det å systematisere bruken av vurdering. Elevmedverknaden i musikkfaget er ikkje mykje brukt av lærarane i mi undersøking. Dette burde vore betre, når ein veit at dette er noko alle elevar har rett til og at det i tillegg kan hjelpa dei til betre læring.

Kva utdanning ein har innan musikk ser ikkje ut til å ha så mykje å sei for korleis ein vurderer, men meir interessa og trua på vurdering. Dette kan vera uteljande for kor flink ein er i dette arbeidet. Me som tar lærarutdanning i dag har kanskje eit større fokus på vurdering enn dei hadde tidlegare, fordi det er blitt eit mykje større satsingsområde frå staten si side og fordi det finns mykje ny forsking på området som seier at læringsutbytte til elevane vert mykje betre når ein driv med målretta vurdering. Fokuset på «vurdering for læring» er også auka, då det er mange skular som har tilbydd kurs og har innarbeidd rutinar i dette arbeidet.

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

Fagsynet til lærarane vert nok nok påverka av Kunnskapsløftet, fordi det er kompetansemåla ein lagar kriterium ut i frå når ein skal vurdere, men korleis ein utfører dette arbeidet kan vera individuelt frå lærar til lærar.

Vurdering er eit interessant tema som det er viktig å halde fokus på, fordi me veit at dette har stor effekt på elevanes læring. Håpet er at nokon vil retta si merksemd mot vurdering i musikkfaget, sidan dette er eit stort felt, med lite forsking på og i tillegg er eit fag lærarane slit med vurderingspraksisen. Det er mange interessante problemstillingar ein kunne arbeide vidare med eller funne meir ut om, som t.d. Korleis få ein betre vurderingspraksis i musikk? Kva er gode vurderingskriterier i musikk? Korleis kan ein bruke informasjonen ein får ut i frå vurderinga ein har gjort? Korleis kan ein involvere elevane i vurdering?

Det som er viktig å vite er at musikkfaget rikgjer og aukar livskvaliteten vår, og er likeverdig med alle andre fag for ein heilskapleg opplæring (Sætre og Salvesen, 2010). Derfor bør vurdering i musikkfaget vera med å bidra som ein faktor, til å fremja læring og fagleg utbytte.

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

7.Kjeldeliste:

- Black, P. & Wiliam, D. (1998). *Inside the black box: Raising standards through classroom assessment.* London: King's College.
- Dalen, M. (2011). *Intervju som forskningsmetode: En kvalitativ tilnærming* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Engh, R. (2011). (2.utg.). Vurdering – læring eller kontroll? I: E. K. Høihilder (Red.), *Elevvurdering: Metodebok for lærere i grunnskulen* (s. 6-13). (2.utg.). Oslo: Pedlex Norsk Skoleinformasjon.
- Engh, R. (2010). Vurdering for læring. Hva og Hvorfor? I: Dobson, S. & Engh, R. (Red.), *Vurdering for læring i fag* (s. 37-48). Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.
- Hanken, I.M. & Johansen, G. (1998). *Musikkundervisningens didaktikk.* Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Høihilder, E.K. (2011). Hvordan vurdere? I: E.K. Høihilder (Red), *Elevvurdering: Metodebok for lærere i grunnskolen* (s.20-49). Oslo: Pedlex Norsk Skoleinformasjon.
- Jacobsen, D.I. (2003). *Forståelse, beskrivelse og forklaring: Innføring i samfunnsvitenskapelig metode for helse- og sosialfaget.* Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.
- Lyngsnes, K. & Rismark, M. (2007). *Didaktisk arbeid* (2.utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Opplæringsloven (2009). *Forskrift til opplæringsloven av 1. juli 2009 nr.964.* Hentet 10. mars 2012 fra <http://lovdata.no/for/sf/kd/xd-20060623-0724.html#3-1>
- Postholm, M.B. & Jacobsen, D.I. (2011). *Læreren med forskerblikk: Innføring i vitenskapelig metode for lærerstuderter.* Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.
- Slemmen, T. (2010). *Vurdering for læring i klasserommet* (2.utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Slemmen, T. (2009). Vurdering for læring. I: R. Svanberg & H.P. Willie (Red.). *La stå: Læring- på veien mot den profesjonelle lærer* (s.161-196). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Sætre, J.H. (2010). Vurdering I: J.H. Sætre & G. Salvesen (Red.), *Allmenn musikkundervisning* (s. 73-86). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

Sætre, J.H. & Salvesen, G. (2010). Musikkpedagogisk teori og praksis-en introduksjon I: J.H. Sætre & G. Salvesen (Red.), *Allmenn musikkundervisning* (s.13-22). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Sætre, J.H. & Vinge, J. (2010). Musikk og vurdering I: S. Dobson & R. Engh (Red.), *Vurdering for læring i fag* (s.166-177). Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.

Utdanningsdirektoratet (u.å.). *Underveisvurdering i fag: Lære mer og bedre: Hvilken betydning har læreres vurderingspraksis?* [Brosjyre]. Tøyen: Utdanningsdirektoratet.

Utdanningsdirektoratet (2010). *Vurdering på barnetrinnet: Nå gjelder det* [Brosjyre]. Oslo: Utdanningsdirektoratet.

Utdanningsdirektoratet (u.å.). *Prinsipp for opplæringa.* [Kunnskapsløftet]. Henta 15. mars 2012 frå <http://www.udir.no/Lareplaner/Prinsipp-for-opplaringa/>

Utdanningsetaten (u.å.). *Vurdering i musikk på ungdomstrinnet: Veileder* [Brosjyre]. Oslo: Utdanningsetaten.

Varkøy, Ø. (2010). Musikkopplevelse som eksistensiell erfaring – i Kunnskapsløftet I: J.H. Sætre & G. Salvesen (Red.), *Allmenn musikkundervisning* (s.23-38). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

8. Vedlegg

Vedlegg 1: Førespurnad om deltaking på eit intervju i samband med bacheloroppgave

Eg er student ved grunnskulelærarutdanninga ved Høgskulen Stord/Haugesund, og skriver for tida bacheloroppgave i pedagogikk og musikk. Temaet for oppgåva er: *Læring og vurdering i musikk faget*. Der eg i hovudsak er interessert i dine refleksjonar/oppleveling av vurderingspraksisen i musikk. Bakgrunnen for denne oppgåva er at vurdering, og då spesielt vurdering i dei praktisk/estetiske faga, ser eg på som veldig utfordrande. Eg ynskjer å finna ut om mi erfaring stemme overeins med verkelegheita.

For å undersøke dette, ynskjer eg å intervju 3-4 lærarar som underviser i musikk. Intervjua vil finne stad som ei samtale kor du som intervjuobjekt vert spurt om dine tankar og erfaringar rundt dette temaet. Eg kjem til å notera undervegs og eg går ut frå at intervjuet vil ta omtrent ein halv time.

Det er friviljug å delta, og du har moglegheit å trekkja deg når som helst undervegs, utan å måtte fortelje kvifor. Dersom du trekkjer deg vil alle innsamla data relatert til deg verta sletta, og ikkje brukt i sluttresultatet. Om du vel å delta, vil uansett ingen direkte personidentifiserande opplysningar verta brukt i oppgåva, berre din tittel som fagperson (lærar). Eg er underlagt taushetsplikt og opplysningane som eg får vil verta behandla konfidensielt. Alle opplysningar vil verta anonymisert og sletta når oppgåva er ferdig i mai 2012.

Dersom du kunne tenkja deg å verta intervju om dette tema, er det fint om du skriv under på den vedlagte samtykkeerklæringa. Har du elles nokre spørsmål, er du velkommen til å ringe meg på telefon **476 30 618**, eller sende ein e-post til vibekke.mogster@hotmail.com.

Med vennlig helsing
Vibekke Bjånes Møgster
5394 Kolbeinsvik

Samtykkeerklæring:

Eg har mottatt informasjon om studia av vurdering i musikk og ynskjer å stilla til intervju.

Signatur..... Telefon.....

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

Vedlegg 2: Intervju guide

Lærar: namn, alder

1. Kva bakgrunn har du i musikk?

- Utdanning og eigeninteresse:

2. Kva fagsyn har du i musikk?

Estetisk (sanse og erfaringsmessig, vakkert):

Dugleksfag (tileigne seg dugleik gjennom mykje øving):

Mediefag (forstå kommunikasjon, sosialiseringsprosess):

Kritisk fag (sjølvstilling til å velje sjølv og utvikla seg ut i frå sine føresetnader):

Trivselsfag (trivsel i høgsetet, godt sosialt miljø, samhald, viktigare enn prestasjonar, kvalitet og meistring):

Kunnskapsfag (kompetanse mål LK-06, historie, omgrep, noter):

Musisk fag (oppdrag, sjølvrealisering, oppleveling, kreativitet, komponere):

3. Erfaringar:

Er du fornøgd med din eigen vurderingspraksis? Har du tankar om kva som kunne vore på ein annan måte? Er det vanskelig/ lett å vurdera i musikkfaget? Er det forskjell på vurdering i musikk og andre fag? Spesielle utfordringar?

4. Korleis arbeidar du med vurdering i musikkfaget?

Har du fått nokon form for opplæring i arbeid med vurdering, eventuelt vore på nokre kurs? Kva er vanskelig/lett? Kva er kunnskap i musikk og korleis måla dette?

5. Kva type vurdering bruker du?

Kva arbeidsmåtar vert teke i bruk i forhold til kva oppgåver ein har? Legg du opp til mykje samarbeidslæring (grupper)?

- **Undervegsvurdering? (formativ vurdering)**

Korleis vert elevane rettleia undervegs? Kva type vurdering får elevane undervegs og korleis vert vurderinga formidla (skriftleg/munnleg)? Vert det brukt arbeidsbøker? Er det enkelte elevar som får meir merksemend enn andre, og kvifor? Gjer du mykje ros og oppmuntringar?

- **Sluttvurdering? (summativ vurdering)**

Korleis finn dette arbeidet stad? Vert det drøfta/gjeve meldingar om kva elevane skal arbeida vidare med og korleis?

Bacheloroppgave: «Vurdering i musikk»

6. Kriterium og læringsmål:

Er måla for timen eller opplegget gjort kjend på førehand? Er måla gjort kjent på vekeplanar/årsplanar? Vert oppgåvane knytt direkte opp mot kriterium og læringsmål? Eller korleis får elevane informasjon om kriterium og læringsmål?

Er elevane med på å utarbeide kriterium? Får elevane vera med å vurdera seg sjølv?

Kva mål/kriterium kan ein bruka i musikk?

Korleis målas kompetanse i musikk?

Kva legg du størst vekt på i musikk? (deltaking, utføring, sluttprodukt.....).

7. Refleksjon og eigenvurdering:

Legg du vekt på refleksjon/eigenvurdering i ditt eige arbeid med undervisning?
(skriftleg/munnleg). Korleis gjer du dette?

8. Elevamtalar/utviklingssamtalar:

Vert vurdering nemnt i dette arbeidet? Korleis eleven ligg i forhand til måla? Vert dykk einige om mål som eleven skal arbeida med framover?

9. Framføringer/presentasjoner:

Kva type arbeid får elevane visa fram og for kven? Vert framføringane vurdert og i så tilfelle korleis vert dette gjort?

10. Avslutning:

Er det ting du synes eg ikkje har tatt med som du har lyst å fortelje noko om?